

VÅGÅ FJELLSTYRE

MØTEBOK

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F947	Knut Øyjordet	01.07.21	25/21

SØKNAD OM UTVISING AV BEITEAREAL VED SETRA – CAROLIN RISHEIM/ØYVIND HOLØ*Saksdokument:*

1. Søknad frå Carolin Risheim og Øyvind Holø av 15.04.21, og med tilleggsopplysingar i e-post av 02.06.21.
2. Brev frå fjellstyret til kommunen og Statskog av 09.06.21.
3. Brev frå kommunen v/landbrukskontoret av 15.06.21 til fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

Carolin Risheim og Øyvind Holø søker om å få utvist meir beiteareal ved setra i Griningsdalen. Dette gjeld eit område austfor seterkvea, dvs. eit område på ca. 35 dekar som vart utvist i 1968 til dyrkjingsjord som tillegg til garden, men som ikkje har vorte tatt i bruk og heller ikkje vorte inngjerda. Det har difor fulle tilbake til statsallmenningen som utmark, men festet med festenummer 1136 eksisterer ennå i matrikkelen. Dei skriv i søknaden at behovet for meir inngjerda beite ved setra er planane om å nytte Griningsdalen til beite med ca. 20 ammekyr med kalv i tillegg til 20-40 sører med lam, fordi dei treng innmarksbeitet heime på garden til mjølkekryr. Dei har difor behov for meir inngjerda beite vår og haust i samband med slepp og sank. Sjølve seterkvea er på ca. 39 dekar.

Spørsmål om utvising av beite blir behandla etter § 5 i Seterforskrifta, og søknad skal sendast fjellstyret. Etter reglane skal den leggjast fram for kommunen, Statskog og allmenningsstyret for eventuelle merknader. Sidan det aktuelle arealet ikkje er skogsmark, vart ikkje saka sendt til Langmorkje almenning. Det er slik at fjellstyret tek avgjerd om beiteareal. Spørsmål om inngjerding er ei grunndisponering der Statskog tek avgjerd etter tilråding frå fjellstyret, så det trengst difor løyve både frå fjellstyret og Statskog. Statskog kan i samråd med fjellstyret fastsette vilkår for eit eventuelt løyve. Saka vart sett på under fjellstyret si synfaring i Sjodalen 22. juni, der Øyvind Holø møtte og orienterte om behovet for meir inngjerda beite ved setra. Kommunen v/landbrukskontoret har gjeve uttale, og er positive til søknaden.

Innstilling til vedtak:

Med heimel i § 5 i Seterforskrifta får Carolin Risheim og Øyvind Holø utvist eit beiteareal inntil setra som omsøkt, dvs. det same arealet på ca. 35 dekar som i 1968 vart utvist som tilleggsjord til bruket. Fjellstyret grunngjev dette med at dei har planar om å sleppe ammekyr med kalvar i Griningsdalen, og dei har såleis behov for meir inngjerda beite til dyra vår og haust i tillegg til eksisterande seterkve. Det er eit vilkår at arealet berre kan takast i bruk dersom planane om slepp av storfe i Griningsdalen blir realisert. Fjellstyret rår Statskog til å godkjenne inngjerding av det aktuelle området.

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyre.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Carolin Risheim og Øyvind Holø

Statskog SF

Kopi til:

Kommunen v/landbrukskontoret

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no